



Motivator  
og  
eventyrar  
s.10-11

© Ole-Johnny Myhrvold



Mat i friluft

Sjå s. 13-15



Eventyrlyst,  
humor og  
sjølvironi med  
Audun Hetland  
Sjå s. 3



Aktiviteter for  
liten og stor

Sjå s. 8

## VILLMARKS MESSA ETNE



Villmarksmessa Etne vert i år arrangert for 3. gong.

### ARRANGØRAR:

Arrangørar av Villmarksmessa er Etne Kulturhus AS og Etne Jeger- og Fiskeforening, med god hjelp og støtte av samarbeidande lag.

Messenemnda er sett saman av representantar for desse aktørane, og står for det administrative og tekniske opplegget av messa.

### Prosjektleiari:

Yvonne Sandgren

### Nemd:

Ragni Sunniva Fett  
Jarle Grindheim  
Håvard Kambo  
Henric Knutson  
Jarle Gjerde  
Leif Arne Løvereide  
Jostein Osnes  
Berit Rafdal  
Jan Vinje  
Albert Inge Rafdal

### Redaksjon:

Yvonne Sandgren  
Ragni Sunniva Fett  
Kari Aakra

### Utforming:

Astrid Eidhammer Hjelmeland  
Filter design&kommunikasjon  
filterdk.no

### Trykk og distribusjon:

Sunnhordland Trykk

### Avisa går til alle husstandar i:

Etne, Vindafjord, Haugesund, Karmøy, Tysvær, Sauda, Sveio, Stord, Fitjar, Bømlo, Kvinnherad, Odda, Suldal og Ullensvang.

Opplag: 64 500

Følg oss på  
Facebook og villmarketne.no



Eline Vik Ekornrud lærer å tenne bål på Friluftsdagen til Etne Jeger og fisk hausten 2013 Foto: Atle Aas

# Villmarksmessa i Etne - med fleire undertitlar

Ei messe vert til, og sakte, men sikkert byrjar ho å ta form. I byrjinga var fokuset å invitere med oss dei beste utstillarane, dei beste føredragshaldarane og dei beste kursleiarane i temaet villmark. Og vi var svært nøgde med oss sjølve. Andre året fokuserer vi på at alle dei beste skal kome tilbake til oss, og i tillegg byrjar vi å tenkje på kva for eit publikum vi ynskjer å ha med oss. Det var då Villmarksmessa i Etne ikkje lenger var berre for villmenn. Så i år, tredje året vi arrangerer Villmarksmessa i Etne, så har vi nok ein gong samla alle dei beste, messa er ikkje berre for villmenn, og i tillegg fokuserer vi på friluft, mor og barn. Difor er vi stolte over at Villmark- og friluftsmessa i Etne er eit eventyr for heile familien!

Og slik vert vegen til medan du går, seiast det! Eg for min del er ny i år. Eg er ny i bygda, ny i jobben og ny i temaet villmark. Men aldri før har eg jakta så mykje, i ein jungel av fantastiske folk, produkt og aktivitetar. Vi har samla saman litt av alt. Noko for far, noko for mor og noko for både syster og bror. Frå tidleg til seint kan vi skaffe oss det siste nye innan jakt, fiske og fritid. Vi skal klatre, rappellere, konkurrere, padle, skyte med boge, fly i helikopter og kaste med floger. Så lenar vi oss tilbake og nyt ei ferd saman med eventyrarar som tek oss med på segling, klatring, fiske,

sterke historier frå røyndomen og villmarksekspedisjonar kombinert med vakker musikk.

Vi ynskjer å inspirere familien til å kome seg ut på tur, og har laga nokre framlegg til korleis de kan lage mat saman ute i naturen, og òg lære borna kva dei skal pakke med seg i sekken.

Ja, òg i år er vi svært nøgde med oss sjølve!

Velkomen skal du vera!



Yvonne Sandgren  
Prosjektleiari



Villmarksmessa er på Skakkesenteret i Etne.

### Opningstider:

Laurd: 10.00 - 18.00  
Sønd: 10.00 - 17.00

### Prisar:

Vaksne kr 100,-  
Barn kr 40,- (6-15 år)  
Barn under 6 år gratis

For å finna fram til Etne sjå kart på villmarketne.no.

Foredrag laurdag 26/4: Audun Hetland

# Eventyrleg seilas



## Audun Hetland

- Audun Hetland, foredragshaldar, forfattar, eventyrar og forskar. Han er 35 år og kjem frå Fister i Rogaland.
- Han tar doktorgrad i positiv psykologi ved Universitetet i Tromsø, der han forskar på motivasjon.
- I tre år segla han den 34 fot store seglbåten Sumithra rundt Stillehavet. Turen blei både bok og TV serie som ble nominert til Gullruten.
- Han har seinare vore jorda rundt på mange eventyr, både storvegsklatring i Canada og seglas til Antarktis og Sør-Georgia og rundt Svalbard. Turane har blitt både TV dokumentarar og artiklar.
- Han er ein ettertrakta og prisløna foredragshaldar og 2011 vann han den nasjonale foredragskonkurransen "Forskar Grand Prix"

Foto: privat

**Audun Hetland har brukt ti år på å reise til mange utposter i verda, anten i seglbåt, med klatretau i sekken eller med ski på beina.**

VILLMARKSMESSA/  
AUDUN HETLAND

Fleire av eventyra har blitt til TV seriar, bøker og foredrag. Nå driv han på med ein doktorgrad i psykologi der han forskar på motivasjon og samarbeid. Audun er ein etterspurd og prisløna foredragshaldar og kombinerer sin innsikt i psykologi med eksempel frå ekspedisjonar over heile verda. Alt dette krydra med ein stor dose humor og

sjølvironi. Dette er underholdning du lærer noko av.

— Vil du vere med å segle jorda rundt? Det er Reidar som er på telefonen. Eg nøler. Eg er ingen sjømann, det har eg aldri vore. Det einaste eg veit om havet er det eg har sett frå dekk på danskeferga. Seglkunnskapane er det også smått med. Min eine dag som dekksgut er av dei mindre glamorøse minna. Lite meistringskjensle, mykje opp-

kast og ei ubeskriveleg glede ved landkjenning.

Likevel, jorda rundt? Eventyrlysten riv og slit. Men saman med Reidar? Vi har gått på folkehøgskule saman på Nordfjord, difor og tilbragt mye tid saman, så eg er ganske sikker når eg seier at eg ikkje likar Reidar. Og eg veit det er gjensidig. Han liker ikkje meg heller. Men det er ikkje så ofte nokon ringer og vil ha meg med på ei jordomsegling. Ærlig talt så er dette første gangen.

— Jorda rundt seier du?

— Ja. Reidar er utålmodig. Dette er eit ja-nej spørsmål. Eg trekker pusten og veit eg ikkje kjem til å klare å seia nei. Då er det berre eit alternativ igjen.

— Ja, eg er med, svarar eg og kjenner alt klumpen i magen. Heldigvis veit eg lite om kva eg har i vente. Hadde eg visst det, ville eg vore livredd. Det skal bli tre svært interessante år.

Foredrag laurdag 26/4: Cato Bekkevold

## Lidenskapleg fiskar og trommis



Foto: privat

**Cato Bekkevold er ein av Noregs mest allsidige fiskarsjeler, med nær sagt alt av fisk og fiske på agendaen.**

Han har fiska sidan han var ein neve stor, og har nærare 150 artar frå mange land på merittlista.

Cato har skrivne for fiskeblad både i Noreg, Sverige, Danmark og England sidan 1983, og han er

stadig å sjå i Lars & Lars sin fiskeblogg på VGTV. Han har delteke i mange TV- og radioprogram i ei årrekke. Cato har også oversett ei rekkje bøker om sportsfiske. No er han aktuell med boka «Monsterfisk» som kjem ut på Vega forlag. Boka får du heilt sikkert høve til å kjøpa om du kjem på Messa.

Foredraget Cato skal halde vil vere variert og spanande for alle som likar å fiske.

Dei musikkinteresserte kjenner kanskje til at han sit bak trommene i ein av landets største musikalske eksportartiklar, «Enslaved».

Foredrag søndag 27/4: Sjur Lothe

## Drømmen om Alaska



Foto: privat

**Sjur Lothe har «alltid» vore opptatt av fiske og friluftsliv.**

Sjur er 61 år og bur i Sveio. Han jobbar til dagleg som lektor ved Skeisvang vgs i Haugesund. Lidenskapen har vore sjøaure- og laksefiske. Han har stort sett fiska i elver lokalt, spesielt i Vikedalselva. Draumen har i mange år vore å fiske i Alaska, ein draum som blei realisert i 2013. Foredraget vil dreie seg om denne turen. Sjur Lothe vil vise bilete og filmsnuttar

og fortelle om fiske, natur, dyreliv og møte med folk i løpet av ei veke i juli. Det blir også eit besøk til den kjende Denali nasjonalpark ved foten av Nord Amerikas høgaste fjell, Mount McKinley 6168 m.o.h. Men i hovudsak er dette ei fortelling om det spektakulære kongelaksfisket i Chunilna Creek, eventyraren Henrik Wessels fiskeparadis ca 15 mil nord for Anchorage.

Foredraget passar for alle som er opptatt av friluftsliv og naturopplevingar og er ikkje berre for dei spesielt fiskeinteresserte.

Laurdag kl 10.00 - 18.00 Søndag kl 10.00 - 17.00

# Friluftsrådet Vest med

Det interkommunale organet Friluftsrådet Vest har i dag forvaltningsansvaret for heile 96 friluftsområde i 12 kommunar i Nord-Rogaland og Sunnhordland.

ODD-BJØRN SALTNES  
FRILUFTSRÅDET VEST

I tillegg til sikring, tilrettelegging og drift av regionale friluftsområde arbeider friluftsrådet og med friluftaktivitetar, kurs og informasjon. Med andre ord har Friluftsrådet Vest mange jern i elden, året rundt.

I løpet av vinteren har uteseksjonen i friluftsrådet oppgradert fleire av friluftsområda i regionen. I Ognahavn i Bokn kommune har dei lagt ny turveg og rydda opp rundt strand og grillstad. I Selsåsvika i Sveio har karane vore i sving med maskinar av ymse slag og

oppgradert parkeringsplass, tilkomstveg og tursti langs stranda. Dei har og vore på Aksnesstranda og på Lindøy i Karmøy kommune og rydda grunn og vegetasjon. Det same har dei gjort i Årreiddalen på Bømlo og ved Ådlandsvatnet på Stord. Dette er berre noko av det dei har fått tid til denne snøfattige vinteren, samstundes som dei har hatt jamt tilsyn med alle dei andre områda.

NÅR DET GJELD det nemnde Ådlandsvatnet, samarbeider friluftsrådet med Stord kom-



Foto: Odd-Bjørn Saltnes, Friluftsrådet Vest

mune om turveg rundt heile vatnet. No arbeider dei med å sikra areal gjennom avtalar med grunneigarane på sør- og vestsida av vatnet, slik at det kan lagast turveg her og, lik den på austsida. Sikring av areal til friluftsføremål for ålmenta, gjennom leigeavtalar eller kjøp, er ein særskilt viktig del av

arbeidet til friluftsrådet. I tillegg til områda ved Ådlandsvatnet har dei i det siste og lukkast med å få gode avtalar på øyene Hidle og Valøya i Kvinnherad.

På kontoret til friluftsrådet er dei mellom anna opptekne med informasjonsarbeid og søknadsskriving om vinteren. No har dei nettopp

gitt ut ny brosjyre om fritidsfiske. Med denne brosjyren i handa kan du finna fram til dei beste fiskeplassane i regionen vår. Her finn du og opplysningar om reglar og lovar som gjeld, kor du får kjøpt fiskekort, korleis du behandlar fisken, og mykje meir. Ei anna brosjyre som no føreligg i ny utgåve, er «Vestkystparken». I denne kan du

## Amerikansk fiskefelle i Etnevassdraget

**Havforskningsinstituttet har nyleg dokumentert at rømt laks endrar arvematerialet i dei ville laksebestandane. Når husdyrlaksen kryssar seg med vill laks medfører dette redusert overleving i naturen.**

I Etnevassdraget, som er eit nasjonalt laksevassdrag og eitt av dei største laksevassdraga på Vestlandet, viser resultatane at 20 % av arvematerialet no skriv seg frå oppdrettslaks.

For å minske problema med rømt oppdrettslaks vart en amerikansk fiskefelle testa i Etneelva, der målet var å:

- hindra oppgang av rømt laks i Etnevassdraget

- skaffa fram data på mengde, storleik, aldersfordeling og kjønnsmodning på rømt laks, vill laks og sjøaure

- få ein oversikt over det sannsynlege talet på ulike grupper rømt laks som vandrar opp i vassdraget.

Mange frivillige, lokale fiskerettshavarar og elveigarar har forsøkt å få den rømte laksen ut av gyteområda. Ein har testa ut kilenøter, garn og harpun i tillegg til stangfiske, men det er ulemper knytt til dei fleste metodane.

FELLESYSTEMET «RESISTANCE BOARD WEIR» er produsert av Cramer Fish Science. Det er eit flyttbart og lett system basert på flyterister, og har vore i drift i 25 år i USA.

Fangstsystemet har vore i bruk i mellom anna California, Oregon, Alaska og Canada, men det er første gong konseptet er testa utanfor Nord-Amerika, og første gong det er testa på atlantisk laks (*Salmo salar*) og aure (*Salmo trutta*).



Prosjektet har utløyst eit positivt lokalt engasjement, og det finst knapt ein skuleelev i Etne og omland som ikkje har vore på klassebesøk ved fella og fått føredrag om fella og laksen sitt forunderlege liv.

(Foto: Sofie Knutar)

# mange jern i elden



Foto: Odd-Bjørn Saltnes, Friluftsrådet Vest



Foto: Odd-Bjørn Saltnes, Friluftsrådet Vest

finna fram til kjende og ukjende båtutfartsområde frå Egersund til Sognefjorden. Desse områda blir presenterte både på kart og i listeform med symbol for kva tilbod dei ulike områda har, t.d. brygge, toalett, badestrand, m.m.

ELLES ARBEIDER dei mykje med skilting og merking i friluftsområda og turløypene.

Friluftsrådet har vore med i Vestlandsprosjektet, der fylkeskommunane og Gjen-sidigestiftelsen har gitt midlar til merking og gradering av turløyper etter ny norsk standard. Så no kan du møta grøne skilt med kvit skrift og graderingssymbol i grønt, blått, raudt eller svart på veg til Valhest, Lammanuten, Postvegen, Hustveitsåta og mange fleire stader etter kvart. I år kjem det ny skilting på turstiane ved Åkrasanden og rundt Fotvatnet på Karmøy, på Romsa i Vindafjord og til Trollevassnibba i Sveio, for å nemna nokre stader. Ny skilting

av turveggar og stiar er eit av tiltaka for å få stadig fleire til å vera aktive i friluft. Eit anna prosjekt i så måte er TellTur, der turgåarane kan registrera turane sine elektronisk. Dette gjer at ein kan konkurrera med seg sjølv og andre om å nå flest moglege turmål i løpet av sesongen. Frå 1. april kan turgåarar gå inn på turportalen telltur.no og finna ei mengd gamle og nye turmål, både i sin eigen kommune og i nabokommunane og bli med på konkurransen om fine premiar.

I eit folkehelseperspektiv er godt tilrettelagte friluftsområde og gode turløyper i nærleiken av der folk bur, viktige element for å oppnå auka aktivitet og trivsel, og dermed betre helse for folk flest. Friluftsrådet Vest er bevisste på at dei er ein viktig aktør i folkehelsearbeidet og samarbeider med ei rekke instansar, lag og foreningar om å leggja til rette for berekraftige friluftstilbod til beste for alle i regionen.



Foto: Odd-Bjørn Saltnes, Friluftsrådet Vest

Fiskefellen er konstruert som eit flyteristsystem forankra i elvebotnen i den eine enden, og skråstilt med straumretninga. Ristene er påmontert ein "flaps" og fungerer som ei flyvenge.

Di raskare vasstraum, di meir løft. Fella har fangstkammer for levande fisk i tillegg til fleire flyteelement. Ei sluse med ein kalv er installert for å sleppa oppvandrande fisk inn i fangstkammeret.

I tillegg til visuell klassifisering av vill og rømt laks, blir det teke skjelpøver som gir opplysningar om alder og vekst. All fisk som vert sett ut igjen, får eit lite kutt ytst på feitfinnen. Det er eit synleg, men skånsamt merke slik at det i etterkant er moglege å skilja mellom fisk som er kontrollert i fella og fisk som har vandra forbi utan å bli registrert.

BERRE FIRE DAGAR etter at fella var plassert, auka vassføringa frå 4 til 55 m<sup>3</sup> per sekund. Dette vart ein elddåp for utstyret der flyterister og fangstkammer forsvann ut av syne, og det såg ei stund ut for at dei som hadde vore pessimistiske skulle få rett. Men, vassføringa

avtok, og det viste seg at utstyret hadde takla sin første etneflaum med glans.

Lakseoppvandringa var uvanleg sein i 2013, og det var ein del bekymring for at fella faktisk skremte laksen frå å gå oppover i elva. Sidan dette er første gong denne teknologien er testa utanfor Nord- Amerika og på atlantisk laks og sjøaure, kunne ein sjølsagt ikkje utelukka dette sjølv om det var usannsynleg.

Etter kvart viste det seg at innsiget var fleire veker forseinka også i andre vassdrag frå Jæren og nordover langs kysten. Første villaks gjekk i fella 18. mai, og i slutten på august hadde 90% passert.

Resultata frå fella gjev oss heilt unike datasett. Det finst knapt andre vassdrag med så store bestandar av laks og sjøaure der ein i prinsippet kan registrera og analysa kvart einaste individ.

Det vart registrert totalt 1154 oppvandrande villaks og 922 sjøaurar. Hos villaksen varierte storleiken frå 0,5 til 12,7 kg. Storleiken på den rømte laksen variert frå ca 40 til 104 cm, noko som tyder på at dei har opphav i ulike rømingsepiso-

dar. Sorteringa på fella viste seg å samsvara svært godt med resultatata frå skjelanalysane. Sidan 2013 var første prøveår, og eit stort team var under opplæring i prøvetakinga, er vi godt nøgde med dette.

Etter at oppvandringa var avslutta, vart fella demontert, ettersett og lagra for neste sesong.

Den amerikanske laksefella Resistance Board Weir fungerer dermed godt for fangst av rømt laks, villaks og sjøaure, også i eit middels stort vestlandsvassdrag.

SOFIE KNUTAR ØYSTEIN SKAALA  
HAVFORSKNINGSINSTITUTTET



Foto: Bo Mathys

## Sjokolademinne

**Inemoni Favache arva kjærleiken til sjokolade frå bestemora si.**

Bestemora hadde ein liten mat-butikk på eit travelt gatehjørne i Brussel og selde sjokolade av beste kvalitet. Hennar favorittar var kirsebær dyppa i svart sjokolade.

Ho etterlot barnebarna ein haug med sjokoladeoppskrifter og mange fine minner.

Inemoni har bakgrunn både som kunstnar og gullsmed og etter ein ferietur til Noreg i 2010, forelska heile familien seg i landet. I 2012 tok dei steget heilt ut og flytta til Noreg.

Inemoni sine sjokoladar er i dag inspirert av belgisk og norsk matkultur.

*Sjokolademinne* er ein hyllest til bestemora, som levde i ei tid då

reinheten til eit produkt ikkje var eit problem men ein kvalitet. Dette er ein læresetning Inemoni tek med seg når ho introduserer lokale norske produkt for oppskriftene til bestemora.

Inemoni jaktar alltid på balanserte smakar og glitrande smaksopplevingar.

For å finna ut meir om *Sjokolademinne* kan du besøke heimesida sjokolademinne.no.

## Villmarkscountry på Saloonen

Aage Nordheim, eller «Oagee», som han kallar seg på scenen, er henta inn for å spela i Old River Saloon under Villmarksmessa i Etne.



Countryartisten Aage Nordheim gjestar Old River Saloon på Villmarksmessa. (Foto: Privat)

Aage Nordheim er ein ekte «countryman» med ei imponerende lang fartstid, både i fleire band og som soloartist. Frå å ha vore ein allround-artist, som har sysla med dei fleste stilartar, har han landa på country og rock, med hovudvekt på country. Han spelar både eigen musikk – han har gitt ut tre plater – og alle dei kjende coverlåtane frå andre sida av Atlanteren.

Han har gjennom fleire år jobba opp mot utlandet med musikken sin og har gjennom dette arbeidet oppnådd å bli ein av dei mest spelte norske coun-

tryartistar på radiostasjonar verda over med fleire gode plasseringar på nasjonale Top 10-listar.

Aage Nordheim er også eit populært innslag på ulike countryfestivalar rundt om i landet. Gjestene i Saloonen har og eit godt øyra til han. For eit par år sidan begeistra han publikum under eit Amcartreff der. Utover kvelden blei det trengt om plassen på dansegolvet!

ALT DU TRENGER TIL TUREN  
FINNER DU HOS FK BUTIKKEN ETNE



TILBUD PÅ  
JERVEN FJELLDUK!

VILLMARKSMESSE-  
TILBUD I FK BUTIKKEN!

STORT  
UTVALG PÅ  
TILBEHØR



SUPPEGRYTE  
M/LOKK 6 LITER  
**499,-**  
(599,-)



KAFFIKJELE  
3 LITER  
**299,-**  
(349,-)

STEIKEHELLE  
RUSTFRI  
**599,-**  
(729,-)



MUCK BOOT  
EXCURSION HIKER  
**599,-**  
(899,-)



SPAR  
400,-

**799,-**  
(1199,-)



SPAR  
300,-

MUCK BOOT  
WOODY SPORT

BESØK  
OSS PÅ VÅR  
STAND

BÅLPANNE  
ESPEGARD 60 CM  
M/GRILLRIST

**1790,-**  
(2390,-)

FK ETNE  
Tlf. 53 77 11 30

ÅPENT:  
Mandag-fredag: 8:30-16:30  
Lørdag: 9-14



**butikkken**

fkra.no/fkbutikkken

# Blind jeger — ei gripande historie



Hardangerfjella Foto: Privat

**Søndag kl 14.00 kan du høyra historia til ein jeger som opplevde ei brå og alvorleg ending på jaktlivet sitt.**

Det var ein fin novemberdag Ivar Vik frå Øystese rusla på jakt i Hardanger. Langt innpå fjellet, langt frå folk. Brått glei han på ein stein, skotet gjekk av og treffe berget, kom tilbake og treffe han i andletet. Der og då vart han blind.

Kom og høyr han fortelje om denne dagen og kor fort eit uhell kan endra livet og dagane vidare. Kva kan andre jegarar læra av Ivar si historie.

Me i Villmarksmessa synest det er sporty å stilla opp i Litlesalen på messa i Etne 27. april å formidla korleis det var å sitja der heilt aleine i lang tid, når han mellom anna ikkje klarte å slå koden på telefonen.

Korleis vart han berga? Som kjent skal den meir kjente Lars Monsen og på scenen på Villmarksmessa fredagskvelden. Då me spurde Ivar om han kunne tenkja seg å komma til Etne søndagen og fortelja om sin mest dramatiske jakttur, tenkte han seg om ei kort stund, før han konkluderte med at det er vel andre som har «hoppa etter Wirkola», og stått, så eg kjem.

## «Alle 30» er blitt merkevare i Etne



Marianne Øverland på nuten Hålandshovda. Foto: Sigve Steinsto



Noddy på Hodlestadnuten Foto: Sigve Steinsto



Smørenut Foto: Sigve Steinsto

**I 1983 la ein ut notisbøker i postkasser på åtte ulike nutar rundt Stordalsvatnet. Ideen vart klekt ut av Terje Håland og Gisle Sellevold i IF Klypetussen.**

EINAR GISLE SELLEVOLD

Den aller fyrste var på Nordfjellet 867 m.o.h. ovom Håheim. Marit Håland, Olav Kvernenes og Gisle Sellevold var oppe med den fyrste boka ein fin maidaag.

I 1988 fann ein ut at ein ville få folk ute på nye stiar kvart år. Difor vedtok ein å leggja ut bok ein «ny» nut kvart år; den sokalla «Farande Fant».

Men alt i 1986 kom Skånevik IL med sitt opplegg «Fem på topp». I 1988 følgde så Etne IL etter med ein kjekk tur fyrste juli til Hodlestadnuten. Så følgde dei opp med 7 bøker

til same året. Dei ville ikkje vera dårlegare i Fjæra og Rullestad IL. I 1998 la dei ut bøker på åtte nutpostar dei óg.

I 2001 kom Paul Andreas Tungesvik på at han ville prøva å klara alle laga sine opplegg på ein sesong. Han bomma med nokre få nutar inne på Fjæra. Ein telefon til Gisle Sellevold som tente på ideen. Her var ein unik mogelegheit til å få til eit samarbeid mellom grendene. 9 nutar + 8 + 8 + 5 = 30. Aha «Alle 30» vart fødd. År 2002 vart fyrste året. Fire lag - fire opplegg. Alle laga har sine utmerkingar for dei som går på så og så mange nutar. Men «Alle 30» er jo ein stor prestasjon, og ei utmerking for det måtte ein ha. IF Klypetussen hadde fått laga nokre små rosemåla utmerkingar hjå Torstein Aasen i Tysvær. Så me vende oss til han - og han sa ja.

NI PERSONAR klarte «Alle 30» i 2002, så har det auka gradvis til 20 i 2009, før det dalte litt. Men i fjor tok det heilt av, 62 personar klarte samtlege 30 mellom 1. oktober 2012 og 30. september 2013. Ingen av dei fire idrettslaga hadde hatt så mange som klarte alle deira nutar tidlegare. No var det fleire som klarte alle fire opplegga på ein sesong. Ståle Tungesvik og Paul Andreas Tungesvik var med i 2002. Og i alle åra etter det. Ein heilt utruleg prestasjon!

Å NOTERA SEG I BOK PÅ NUTEN. Ja, det måtte føra til verbet å nutera seg. Og til substantivet ein nutering. Så vart det sendt søknad til Kunnskapsforlaget som godtok forklaringa og kunn gjorde dette som nyord med basis i IF Klypetussen. Ein har ikkje meir løye enn ein lagar sjølv. Dette ordet vert no brukt i vide krinsar utanom Etne og.

Skjema finn ein gratis på nettet Skjema for innsending av «Alle 30» ligg kvart år ute på Skånevik Nett, Etne kommune si heimeside og på [www.klypetussen.no](http://www.klypetussen.no). I tillegg finn ein skjemaet i infohylla på Åkrafjordtunet.

DET ALLER VIKTIGASTE til slutt: Om ein greier 7, 17 eller 30 nutar på ein sesong - så er det uansett det viktigaste at ein har glede og helse av desse turane. Du kan oppleva naturen i lag med kjæresten, familien eller andre turvenner. Du kan t.d. gå til Stovassbu og overnatta, og så gå vidare til Heimre Sauanuten (Prestisjenuten) 1178 m.o.h. dagen etterpå. Og som organisasjonen Kondis seier i sitt slagord: «Folk i form til livet!»

## Aktivitetar for liten og stor på Villmarksmessa

### Klatring for store og små

Etter at vi fekk klatrevegg i Skakkenteret i 2012 så har det berre gått ein veg og det er oppover. Etne Klatreklubb har no utvida arealet sitt med ein ny buldrevegg som aukar kapasiteten på treningane mykje. Buldreveggen er heilt ideell for dei minste. Sjå program for tid og stad



(Foto: Svein Egil Økland)

### Aktivitetssløype for heile familien

Vi inviterer alle til å vere med på ei Aktivitetssløype som vi har laga i samarbeid med Etnespeidarane, der de kan konkurrere mot kvarandre i kjekke aktivitetar som båltenning, «Romersk stridsvogn», styrkeprøve og Kims leik. Her kan familiar, far og son, mor og dotter, venner, kjende og ukjende konkurrere mot kvarandre. Aktivitetssløypa vil vere open under heile messa og det er berre til å melde seg på Etnespeidarane sin flotte stand. Der får de òg høve til å steike lappar på bålpanne. Alle som vert med får eit flott stoffmerke laga i høve messa. Kom og bli med!



### Seljefløytespikking

Det er vår i lufta og kva er vel meire naturleg en å spikke seljeflyter no når sevja er i ferd med å trekke ut i trea. Alle born og unge er hjartelig velkommen til å få opplæring i å lage seljeflyte hjå **Kåre Rafdal** under årets messe. Sjå program for stad og tidspunkt.



(Foto: Albert Inge Rafdal)

### Ned Etneelva i kano

Etnespeidarane inviterer til tur med kano i nedste delen av Etne-elva, frå sjukeheimen til Julaskår og vidare inn til båthamna. Atle Aas er kjentmann og instruktør. Dette er ein roleg del av elva, men også med litt straum, så ein får kjenne at vatnet tar tak i kanoen. Det er to tersklar på strekinga og som regel må ein på land ved den eine, men kan padle den andre, ovanfor Bedehusbrua.

Turen krev ikkje spesielle forkunnskapar, men ei sporty innstilling til prøve noko nytt, for dei som ikkje har padla før. Speidaren har kanoar med årer og padlevarar.

**Aldersgrense 14 år, eller saman med vaksne.**

Påmelding og oppmøte på Etnespeidarane sin stand, begrensa deltakartal.

Atterhald om lageleg vassføring i elva og vindforhold (særleg for padlinga frå Julaskår til båthamna)



(Foto: Atle Aas)

### Andre aktivitetar

Flogeasting, bogeskyting og flogebinding. Følg med på Facebook og villmarketne.no for oppdateringar og fleire aktivitetar fram mot messa.

### Rappellering

Vi er stolte over å ha fått med oss Brannvesenet på Villmarksmessa i år. Saman med dei kan vi få rappellere frå bygget på Skakkenteret, og for dei som har lyst så vert det nok høve til å få sitje i brannbilen og køyre med blålys. Det er kjekt at vi kan lage ein familieaktivitet saman utanom den daglege jobben kor fokuset til brannkopset er heilt andre plassar.

(Foto: Brannvesenet i Etne)



(Foto: Svein Egil Økland)

### Villmarkscamp

Også i år blir det villmarkscamp ved sone 3 i Etneelva. Dette vert ein camp med overnatting for dei frå 8 år og oppover. Her kan ein ha med eige telt, og ein MÅ ha med eign sovepose og eige liggeunderlag.

Me vil stå for maten, som vert passande varm kveldsmat laga på bål, samt frukost på morgonen.

**Påmelding til**  
yvonne@villmarketne.no  
innan 25.april.

Me har berre eit fåtal plassar, så det gjeld å vere rask å melde seg på.

**Pris kr 350,- pr person.**

### Demo i Viltpatering

Vi er så heldige at vi òg i år har fått med oss dagleg leiar Johan Trygve Solheim frå Norsk Hjortesenter som vil gje oss ein demonstrasjon i patering av viltkjøtt både laurdag og sundag. Han gjev oss gode tips som hjelper oss til å bli betre kjent med verdas beste gourmetmat. Sjå program for tid og stad.

(Foto: Norsk Hjortesenter)



### Matsservering under Villmarksmessa

«Utan mat og drikke, duger helten ikke».

**Fredag 25. april kl 18-24**


I samband med DAGSTOUR med Trine Rein & Lars Monsen så har me open bar i foajéen med sal av spekemat.

**Open kafé**

Det vil vera open kafé i foajeen under heile messa, med sal av spekemat, rømmegrout, suppa, kaffi, kaker og kioskvarer.

**Middag**

Kaféen i gamle delen er åpen laurdag frå 12.00-17.00 og sundag frå 12.00-16.00 for servering av middag. På menyen står kjøttkaker, viltgryte og fisk.



(Foto: Villmarksmessa Etne)

# Klatring og friluftsliv i Etne



**Etne klatreklubb er ein ganske nystarta klubb som heldt til i Skakkesenteret. Klubben vart oppretta med føremålet om å drifte klatrevæggen i senteret.**

ØYVIND BRUN

Klubben har rundt 100 medlemmer, både små og store. Klatrevæggen i Skakkesenteret har ruter frå 3-8, der grad 3 er det lettaste og 8 det vanskelegaste. Ein nybyrjar vil klatre grad 5 og 6 innan ganske kort tid med trening. For å klatre grad 7, krevst det meir systematikk, styrke og/eller talent.

Vi fekk nett ein buldrevegg, som aukar kapasiteten på treningane mykje. For dei som ikkje kjenner omgrepet, er ein buldrevegg ein låg klatrevegg – gjerne med støytdeмпing under. Buldrevæggen slik den er no, er heilt ideell for dei minste, og den er tilgjengeleg for alle som har med seg ein vaksen. Fint å kombinere med eit besøk på biblioteket.

Særleg ungane har stort utbytte av klatring. Ungane klatrar frå dei kan gå. Dei klatrar på fanget, stolar, steinar og tre. Klatring er ein basisdugleik på linje med å gå, rulle og krabbe. Hjernehalvdelen knytast betre saman om ein klatrar, og personleg anbefaler eg kvar unge minst eit halvt år med klatring. Ideell startalder er frå 6-11år. Vi har delt barneklatringa opp etter fire alders-

*Klatrevæggen på Skakkesenteret.  
Foto: Svein Egil Økland*

grupper på to ulike dagar.

Etne har mykje å by når det gjeld klatring. Det er ein topografi som formeleg skrik etter handling. Bratte stup, glatte sva og høge fjell gjer det freistande med klatring. Håkon Hansen har gjort eit enormt arbeid med å lage klatreruter i området rundt Rullestad og Fjæra. Ein del av arbeidet er gjort i samarbeid med Haugaland klatrelag. <http://www.h-k-l.org/>

Førre året laga vi til nokre klatreruter på Gåsteinen på Osnes. Steinen er nydeleg, men ikkje heilt optimal for nybyrjarar. Vi har funne berre ein lett veg opp, og dei andre variantane er relativt vanskelege, men moglege for den klatrekyndige.

Før sommaren har vi planar om eitt utefelt i Ølen. Vi har og planar om eit utandørsprosjekt i nærleiken av Skakkesenteret, men førebels er det på planstadiet. Om du stikk innom Villmarksmessa neste år, er kanskje monolitten på plass.

Vi vaksne bruker klatringa mest for moro skuld. Vi konkurrerer mot oss sjølve og finn glede i å meistre ulike ruter i stadig vanskelegare grad. Den fremste konkurrenten er oss sjølve. Klatringa gir komplett styrke av kjernemuskulaturen i kroppen. Det er difor ein morosam måte å bli sterkare og smidigare på. På ferdig tillaga utefelt og på vegg innandørs, er risikoen liten. Brattkortgodkjenning som gjeld for heile Noreg kan du få som medlem i klubben vår.

## Tilbyr helikopter til ulik bruk

Fonnafly ble stifta i Rosendal 19. oktober 1970 av ei gruppe eldsjeler fra Kvinnherad.

Selskapet hadde då det første flyet sitt i bestilling og søkte om Driftstillatelse for å operere fly under 5700 kg. Det første flyet var av typen Cessna 206F sjøfly. Fram til 2004 hadde Fonnafly kun fly, men 1.april 2004 fikk vi 2 helikopter av typen Robinson 44. Fram til og med 2013 har vi hatt både fly og helikopter, men frå og med 2014 er Fonnafly eit reint helikopterselskap.

Du finn oss på Voss ved Bømoen flyplass, i Sandviken i Bergen sentrum, på Sand i Ryfylke, på Sola flyplass, Kristiansand flyplass, Sandefjord flyplass og i Oslo. Vi har også helikopter plassert andre stader i kortare periodar som for eksempel på seinsommaren og haustjakta då vi også er å finne på Haukelisetter og Songadammen for å transportere jegrar og fiskarar ut på vidda. Vi har vår hovudverksted på Torp flyplass



Foto: Fonnafly

i Sandefjord, der vi utfører service på egne og konkurrentar sine maskinar. Fonnafly utfører alle typer operasjonar, det

kan vere transport av underhengande last, for eksempel material til hytter, master eller støyping, men også foto/film-opdrag, taxi/sightseeing, brannsløkking,

linjesynfaring og fallskjermhopping.

HAAGEN T. ERIKSEN  
FONNAFLY

## Viltburger, viltgrillpølse og speka Skakkelaks

- Viltkarbonader
  - Viltgrill
  - Middagspølse av hjort og elg
  - Skakkelaks (konjakkmarinert røykelaks)
- Allt i laus vekt.



**skakke  
foredling**

TA KONTAKT:  
Roy Martin Øyjord  
909 32 295  
[roy@arcus-vita.no](mailto:roy@arcus-vita.no)



# Musikalsk ekspedisjon med Monsen og Rein

Han har sprengt grenser og reist på ekspedisjonar verda over. Ho har kjempa seg fram i si eiga bransje-villmark og slege gjennom i ein hard musikkmarknad. På villmarks-messa skal Lars Monsen og Trine Rein gi deg høgdepunkt og historier frå dei tøffaste ekspedisjonane i kvar sin bransje.

KARI AAKRA

— Eg haldt meg til opptrakka stiar, med mobil og husnøklar i lomma. Eg visste alltid at eg skulle heim og sova i eiga seng etter skogsturen. Meir ekstremt enn det blei det ikkje på mine utflukter, ler Trine Rein.

Men det var før ho møtte villmarksman og grensesprengar, nå sambuar og kollega Lars Monsen i 2008. I desse dagar lokkar dei to fulle hus med det beste frå kvar sine karrierar, på konsertscener og i villmarka. Fredag 25. april inviterer dei til heilafan på Skakkenteret.

## 4 000 netter i telt

Sidan 1991 har Lars Monsen vore eventyrar på heiltid, og levd ut alle villmarksentusiastars våte draumar: Lagt bak seg Noreg på langs, eit år på Nordkalotten, Alaska på langs, ein måned over Svartisen og Saltfjellet, 90 dagar på loffen i Børgesfjell, over Kodiak og Admiralty Island på Alaska, Canada på tvers og 600 km gjennom Quebec. For å nemna ein brøkdell av strabasane.

Og alt til fots, på ski, i kano eller bak hundespennet. Det har også resultert i ei rekkje tv-seriar, dokumentarar og bøker. Og meir enn 4000 overnattingar i telt.

Med ein slik CV i sekken, og uendeleg mange historier frå dei villaste villmarker og hardaste ekspe-

disjonar, har han ei heilt eiga evne til å tenna håpet og trua på eigne draumar hjå dei som høyrer han, fortel sambuaren.

— Han gir folk trua på seg sjølv. Ikkje reint sjeldan har me fått brev frå dei som endeleg har vågt å satsa på den store livsdraumen etter dei har høyrte Lars fortelja frå korleis han har levt ut eigen draum. Dei fortel at dei endeleg har tatt steget: eit års permisjon for å dra på ekspedisjon eller starta si eiga bedrift, fortel Rein.


For Lars er faktisk alt mogleg, og det er han er eit framifrå døme på sjølv, poengterer ho.

— Både han og eg har klart det som mange vil sjå på som ganske usannsynleg. Han har klart å gjera ein karriere av å gå tur i skogen, og eg har gjort eit leverbrød av å synga. ler ho.

## Møtte veggen

Men når Rein kallar karrieren eit «levebrød» er det vel heller ei underdriving. Dette året feirar ho 20 år som internasjonal artist, etter at ho slo gjennom med albumet »Finders Keepers» i 1993. I dag er ho rekna som ein av Noregs fremste kvinnelege artistar og låtskrivarar,

— Eg er nok ikkje den grensesprengaren i skog og villmark som Lars er, men det er likevel parallellar mellom det han har gjort og min eigen karriere. Me



Villmarksliv og musikk har vist seg å vera ein slående kombinasjon. Dei siste åra har

har arbeidd i like harde miljø begge to. Meistringskjensla og sjølvtiliten ein treng for å overleva i villmarka er også eit uvilkårleg krav dersom ein skal klara seg i musikkbransjen, seier Rein.

Etter å ha toppa hitlister og salslister gjennom heile 90-talet, trekte ho seg tilbake frå rampelyset i Noreg. Deretter følgde nokre år i USA, før ho tok til med teaterproduksjonar «Abba in Symphony» og «80-tallet, Beat for Bit» og «motown Nights». Etter 12 år i kulissene kom albumet «Seeds of Joy» i 2010.

Og det var sjølvtiliten og overlevelsesinstinktet Monsen hadde frå villmarka som hjelpte henne tilbake att til musikken.

— Eg hadde møtt veggen. Men så møtte eg Lars. Han gav meg tydeleg beskjed om at alt er mogleg, og at me kan ikkje bekymra oss over alt som kan gå galt. «Dersom du ikkje lukkast første gang, prøver du igjen. Og du



musikaren Trine Rein og eventyrar Lars Monsen trekt fulle hus med forestillingane sine, med høgdepunkt frå kvar si karriere.

© Ole -Johnny Myhrvold

kjem til å klara det, om det så er på femte eller sjette forsøk», fortalte han meg. Med dei orda vågde eg meg tilbake på artistarenaen igjen, seier Rein.

Og nå står dei begge på scenen. Me får høyra høgdepunkta frå to som begge har «pusha» grenser for å lukkast i to høgst ulike karrierar.

Monsen vil gi oss historiar frå nokre av sine største ekspedisjonar og Rein skal i løpet av kvelden tilby publikum høgdepunkta frå sin musikalske karriere, både med låtar og anekdotar frå artistlivet.

---

— Eg er nok ikkje den grensesprengaren i skog og villmark som Lars er, men det er likevel parallellar mellom det han har gjort og min eigen karriere. Me har arbeidd i like harde miljø begge to.

Trine Rein

---



Det var sjølvtiliten og overlevelsesinstinktet Lars Monsen hadde frå villmarka som hjelte Trine Rein tilbake att til musikken. © Trond Thorvaldsen

Laurdag kl 10.00 - 18.00 Søndag kl 10.00 - 17.00



**Remington.**  
**Country, U.S.A.**  
Fogged, Durable, Dependable Since 1816

## Alt i rifler - hagler - ammunisjon - håndvåpen ladeutstyr - optikk - jaktutstyr - jaktradioer Alt du trenger til jakt finner du hos oss.

**Remington's** nye jaktrifle modell 783, kappet og gjenget med demper og Leupold VX-1 3-9x40 **kr. 9.990,-**

**Remington** 870 Express Super Magnum Synth 12/89 **kr. 3.990,-**  
Spesialtilbud **Schultz & Larsen** Classic DL Take Down systemrifle **kr 19.990,-**  
ferdig gjenget med demper og Leupold VX-R 3-9x50. Messerabatt **kr. 6.000,-**  
For nybegynneren; **Churchill Hunter** **kr. 4.990,-**

Vi gir **20% Rabatt** på Benelli og Schmidt und Bender under messa.

*Vi fikser det meste!*

Rafdal & Kvale Våpenhandel AS - Frakkagjerd - 5563 Førresfjorden - Tlf. 52 77 02 20 - [post@jaktvaapen.com](mailto:post@jaktvaapen.com)

RAF DAL  
VÅPEN



**Rafdal Våpen** i Etne har halde på med bygging og reparasjonar av våpen i snart 25 år. Målet har heile tida vore å levere kvalitetsvarer og kvalitetsarbeid til kundar over heile landet. I dag har me dei aller fleste kundane våre utanfor lokaldistriktet. Hjø oss kan du få bygd deg ei jakt eller konkurranserifle med dei spesifikasjonar du ynskjer. Me legg vekt på at våpenet skal passe brukaren, og bruken det er tiltenkt. Me importerer låskassar frå STILLER i USA, Løp frå LILJA og PAC-NOR i USA samt frå Lothar Walther i Tyskland. Fiberskjefta er frå HIGH TECH i USA.

Du finn meir på nettsidene våre [www.rafdal-vapen.no](http://www.rafdal-vapen.no)

Rafdal Våpen Etne DA - Tel./Mob. 53 75 49 20 / 913 84 864 - [firmapost@rafdal-vapen.no](mailto:firmapost@rafdal-vapen.no) - [www.rafdal-vapen.no](http://www.rafdal-vapen.no)

**HAUSKEN**  
LYDDEMPER



## Lyddempere til alle kaliber. Når kun det beste teller!

Med 20 års erfaring innen lyddemperteknologi er nye Hausken JAKT et lett valg.

*“Etter denne første testen ser det ut som at nye Hausken Jakt 224 demper mest i forhold til vekt av alle demperar eg har prøva i 30 kaliber.”*

*J. Lien - Se nr. 1/2014 bladet JAKT*

JD151 - Kr. 2.800,- L. 151mm - Vekt 232g - Effekt 23-26 dB

JD191 - Kr. 3.200,- L. 184mm - Vekt 271g - Effekt 29-31 dB

JD228 - Kr. 3.690,- L. 224mm - Vekt 310g - Effekt 31-37 dB



Tel./Mob. 52 77 54 70 / 996 47 229 - [post@hausken.no](mailto:post@hausken.no) - [www.hausken.no](http://www.hausken.no)

**VELKOMMEN TIL VILLMARKSMESSA ETNE 26-27. april 2014 - STAND 01-02**



# Mat i FRILUFT

Laurdag kl 10.00 - 18.00 Søndag kl 10.00 - 17.00

# Tips frå speidarane i Etne



## Potetkaker



**Utstyr:** Jerntakke eller steikepanne av støypejern, eventuelt bålwok.

**Porsjon til ca 15 deltakarar:**

Ca 1,5 kg poteter  
1 kopp surmjølk (Surmjøl (kefir, kulturmjøl) gir saftigare og lausare kaker som held seg lenger)  
Kveitemjø  
1 ts salt  
1-2 ts sukker

**Framgangsmåte:**

Mjøl på hendene  
Klapp ut kaka  
Kok potetene og skrell dei.  
Mos/mal potetene. Tilsett resten av ingrediensane. Bruk så mykje mjøl at deigen blir lett å kjevla eller klappa ut.  
Lag tefatstore kaker. Steik på helle (eventuelt bålwok) utan smør. Snu kakene når dei begynner å "bobla" (blåsa seg opp).

For hellesteiking: Steik på sterk varme, kakene må ikkje tørka på hella. Jo fortare dei blir steikte, jo betre er det.

Potetkake kan brukast som lefse til taccofyll, til pøser eller som kake med smør og sukker.  
Steik på takke eller bålwok.

TEKST OG FOTO: ETNE KFUK-KFUM-SPEIDARAR



## Muffins

**Muffins bakt på ettervarmen i ein sjusteinsomn er prikken over i-en i eit utemåltid, gjerne saman med bålkokt kaffi.**

Til 24 stk muffins:  
350 g sukker  
350 g margarin/smør  
350 g kveitemjøl  
4 ts bakepulver  
(2 ss kanel)  
6 store egg

Bland sukker og smør i ei skål og pisk det. Ha i 2 egg om gongen og pisk vidare. Når alle eggane er komne, pisk litt meir så deigen blir lett og luftig. Bland mjøl og bakepulver, sikt i deigen før den røres rundt med ei sleiv.

Hell røra i doble former. Fyll cirka halvfullt.

Steik i sjusteinsomn, 15 – 20 minutt. Sjekk om de er ferdigbakte ved å stikka ein tynn pinne i ein av muffinsane. Hvis det ikkje er deig på når du tar den ut igjen, er muffinsane ferdige.

Glutenfri Muffins  
1 pk Toro glutenfri langpannesjokoladekakemiks

Tilsett det som trengst av vatn/mjøl, olje, egg

Visp saman røra

Du finn fleire idear til matlaging i friluft i bok som Etnespeidarane gir ut på Kapabel forlag i samband med speidargruppa sitt femtiårs-jubileum i oktober.

TEKST OG FOTO: ETNE KFUK-KFUM-SPEIDARAR

# til matlaging ute i det fri



Ein sjusteinsomn bygger du gjerne på ein plass du veit du skal bruke ein del, men du kan og lage ein enklare utgåve for eingongsbruk. Prinsippet med sjusteinsomnen er det same som for ein tradisjonell vedfyrt bakaromn: Du magasinerer varme i stein som du bruker til å steike det du ønskjer: Brød, kjøtt, fisk. Maten bør vere av ein type som tåler litt "juling", du har ikkje full kontroll på temperaturen så du lager ikkje sufflé i ein sjusteinsomn.

Ein sjusteinsomn kan vare over tid, viss du har god stein og ikkje bruker vatn til nedkjøling. Du må ha ganske firkanta stein. Du kan og bygge ein enklare utgåve med runde steinar som du legg opp meir som ein miniatyr iglo. Poenget er å ha eit fyrrom/steikerom og nokre kilo stein rundt som magasinerer varmen.

**FINN EIN Plass** der du kan lage ei flate ut i frå kor store stein du har. Grav deg gjerne inn i ein skråning, det gir ein stødigare konstruksjon. I bakkant må du ha ein stein eller jord.

Dei to første steinane er lange og smale, 15-20 cm i kvadrat og 30 – 50 cm lange. Lengda på desse steinane gir lengda på omnen. Legg steinane parallelt med plass til ved i mellom. Stein tre er ei kraftig helle, gjerne 10 cm tjukk og så lang som dei to første steinane. Bred- da på hella gir bredda på omnen.

Stein fire og fem er som dei to første, lange og smale. Høgda på dei gir høgda på bakaromnen. Stein seks er ei ny helle som blir lagt på toppen av omnen og stein sju er "omnsdøra" som du kan setje framfor omnen for å ta vare på varmen under steiking. Om du har bygd omnen med røykopning i bakkant (gir betre trekk) må du ha ein åttande stein som dekkjer røykcholet her. Du kan bruke mose til å tette mellom steinane og torv til å støtte opp omnen på utsida.

**NÅR DU SKAL VARME OPP** omnen fyrer du første gong i både det nedste rommet og i bakaromnsrommet. Start forsiktig og tork ut steinen. La omnen bli varm gradvis. Dette er særleg viktig viss du vil bruke omnen fleire gongar. Fyr ein times tid, kanskje litt meir. Sota inne i omnen skal bli kvit. Kost ut glør og oske frå bakaromnsrommet. Bruk gjerne ei grein av brakje (einer). Viss du skal steike som i ein "ordentleg" bakaromn, det vil seie rett på omnsbotnen (herten), må du tørke oska raskt vekk med ein fuktig bomullsklut, men hugs at alt vatn du bruker aukar sjansen for at den varme steinen sprekk.

**SET INN DET DU SKAL STEIKE** og steng igjen openingane. Med ei oppfyring kan du som regel steike to omgangar med brød og så nokre muffins på ettervarmen. Blir det ikkje varme nok kan du fyre oppatt i det nedste rommet og du får ekstra varme. Ved første steiking er omnen svært varm og det er vanskeleg å unngå at brød blir brent. Har du tålmod ventar du nokre minutt, då fordeler varmen seg betre i steinane også (men du har jo alt venta lenge og er begynt å bli svolten. Litt brent skorpe gjer ingen ting). Ha reine sveisehandskar klare når du skal setje inn og ta ut mat. Det sparar deg i nokon grad for brente fingrar.



## Brød i omn:

Det enklaste er å steike brød i former. Du kan steike så mange brød det er plass til i omnen. Du kan og steike brød direkte på herten, men då må du ha ein bakaromsspade til å setje dei inn og ta dei ut med.

Mellomgrovt brød (kneip) 2 brød  
3 ss margarin eller olje  
6 dl vatn  
50 g gjær (rør ut i litt lunka vatn)  
3 ts salt  
Ca 1 l sammalt kveite, grov  
Ca 1 l kveitemjøl

Bland og elt deigen godt, og la han heve i ein bolle på ein lun plass. Bak ut når han er dobbelt så stor. La dei utbakte brøda heve litt før du set dei i omnen. Er du ute og det er kjølig kan du bruke meir gjær og lunka vatn (37 grader, prøv å dryppe litt på handbaken, den skal vere like varm som handa)

Ferskt brød frå sjusteinsomn bør etast fersk og varmt med meieri-smør.

TEKST OG FOTO: ETNE KFUK-KFUM-SPEIDARAR



## Škoda Octavia Kampanje Vi fortsetter salgssuksessen og utvider kampanjen til 30. april:

Inkludert i prisen i kampanjeperioden:  
Fjernbetjent parkeringsvarmer, baksetevarme,  
16" vinterdekk med pigg eller piggfri og  
avtagbart hengerfeste

Verdi: **30.000,-**



"Årets beste kjøp?"  
Motormagazinet 21.06.2013

"Beste nybilkjøp"  
Dagens Næringsliv 2014

Octavia "Årets firmabil"  
Dagens næringsliv

"Vi sliter med å finne en  
svakhet ved testbilen. Alt du  
trenger, billig og enorm plass"  
Dagbladet 03.09.2013



Med Octavia får  
du alt utstyret du  
trenger som  
standard.

Biljournalister og entusiaster har for  
lengst blitt enige: Škoda Octavia er mer  
bil for pengene. Men, nå får du enda  
mer bil for pengene.

Pris fra: **246.800,-**  
4x4 STV: fra kr. 310.000,-

## Vi kommer på Villmarksmessen - kommer du?

## Škoda Superb Vinterpakke frem til 30. april:

Inkludert i prisen i kampanjeperioden:  
Fjernbetjent kupevarmer  
Baksetevarme  
16" vinterdekk på alufelg pigg/piggfri  
Avtagbart hengerfeste

Verdi: **31.000,-**



Pris fra: **308.700,-**  
4x4 STV: fra kr. 399.100,-

## Škoda Yeti Businesspakke frem til 30. april:

Inkludert i prisen i kampanjeperioden:  
Alcantara interiør  
Fjernbetjent kupevarmer  
Avtagbart hengerfeste  
Media Device Interface

Verdi: **34.000,-**



Pris fra: **247.500,-**  
4x4 STV: fra kr. 355.000,-



20. - 22. juni 2014

## FAMILIEFEST I FJELLBYGDA RØLDAL!

Velkommen til flotte dagar spekka med utstillingar, underhaldning, kultur, kunst, handverk, tivoli og mykje meir!



filterdk.no

[www.roldalsmarknaden.no](http://www.roldalsmarknaden.no)



Ope:  
Mandag-fredag 0900-1900  
(Skjærtorsdag 1200-1700,  
2. påskedag 1200-1700)  
Lørdag 0900-1600  
Søndag 1200-1700

# Tid for hage

Buskar og trær, stauder, sommarblomar, hagemøblar, jord og gjødsel, snittblomar og gåver mm.

Velkomen innom hagesenteret midt i Etne sentrum

**BoGrønt Etne**  
Hagesenter



ETNE BLOMSTER OG HAGESENTER  
NYVOLL, 5590 ETNE, TLF: 53 75 67 00

2014

# Grannekamp

**FÅ MED DEG FINALEN  
I GRANNEKAMP  
UNDER ETNEMARKNADEN  
FREDAG 1. AUGUST!**



**Etnemarknaden**

31. juli - 3. august  
2014

**Gå ikkje glipp av Vestlandets største folkefest, sett av datoen allereie i dag!**

Her vert det fullt av flotte salsutstillingar med alt du kan tenkje deg innan handel og industri, tradisjonar og gammalt handverk, hobby, kunst, dyreutstillingar, fritid, jordbruk, skogbruk, mat, tivoli og mykje mykje meir. Kultur og underhaldning av alle moglege slag, konsertar, aktivitetar for liten og stor, konkurransar, Duathlon og ein skikkeleg Grannekamp!

**Etnemarknaden**  
-der folk og fe møtest



Foto: Svein Egil Økland




Foto: Svein Egil Økland

filterdk.no

[www.etnemarknaden.no](http://www.etnemarknaden.no)

TOTALLEVERANDØR AV

# *flytebrygger i tre og betong*



Egnet for småbåthavner og hytter!



## Etne Betong as

Tongane 5590 Etne - telefon 53 75 67 12

mob. 992 76 188 - fax 53 75 69 48

beto-as@online.no - www.etnebetong.no

## OLD RIVER SALOON



LØRDAG 26. APRIL

KL 22-02

## VILLMARKSCOUNTRY

Aage Nordheim

Smakebitar framover:

17. mai: JON & SVEINUNG  
23. og 24. mai: ELISABETH  
31. mai: DAN COHEN (US)  
28. juni: OVE STØYLEN  
30. august: VINNI

Fotball - Sjå facebook 

Bubilcamp med alle fasilitetar  
Gjestehus med 10 sengeplassar  
Staden for: Blåtur - Selskap - Jubileum

www.saloon.no

filterdk.no

Eitt abonnement – alle kanalar



**Sunnhordland** Alltid med deg.

**Heile pakken for**

frå berre **kr 8,95** pr dag

Bestill i vårt kundensenter på  
[www.sunnhordland.no](http://www.sunnhordland.no)

**ABONNEMENTSERVICE**

– full oversikt over ditt abonnement og gratis ferieservice

# Geocaching – noko for deg?

«Geocaching (geo: jorden, cache: gøymestad) er eit verdsomspennande spel/fritidsaktivitet som gjer bruk av en satellittsignalmottakar (GPS-mottakar) i ein slags orienterings-skattejakt etter utlagde geocachar.

JARLE GJERDE

Geocacharar (deltakarane i spelet/sporten) som finn boksen logger sitt besøk i loggboken i geocachen. Det er gratis å delta, men ved å betale eit mindre beløp får ein ekstra fordeler og tilleggssjansar. Pr februar 2013 er det registrert over 2 millioner aktive geocacher og over 5 millioner geocacharar.

Geocachens koordinater i terrenget blir gjort tilgjengelig på internett. Det er så opp til deltakarane i spelet å leite opp geocachane ved hjelp av satellittmottakarutstyr (GPS).» \*Kjelde: Wikipedia.no

Som regel blir desse skattane utplasserte på stader som anten har ein naturkulturell eller historisk betydning, har fin utsikt eller betyr noko for den som legg ut.

Det heile starta den 3. mai i 2000, og den første geocaching-boksen ble lagt ut for å feire at USA slo av usikkerheten i GPS systemet dagen før. Nå – nesten 14 år seinare – er det over 5 millionar «cache» som er lagt ut over heile verda. Ein god del i vårt nærrområde.

I ein tradisjonell «cache» (den vanlegaste typen) ligg det alltid ein loggbok og penn i ein boks. I denne kan ein finne ulike saker som leiker eller oppdrag. Her står ein fritt om ein vil bytte eller utføre oppdraget ein blir utfordra til. Ein veit eigentleg aldri kva ein kan finne, og



Linda Giersch har drive med Geocaching sidan 2011 og har funne over 500 «cache» i 5 ulike land som Spania, Tyskland, Island, Noreg og Danmark. Foto: Privat



det er ein del av den nye forma for skattejakt.

For å kunne vere med på geocaching treng ein berre å gå inn på websida [www.geocaching.com](http://www.geocaching.com) og registrere seg. Alt ein treng av utstyr er GPS eller App på mobilen og klede som passar til skattejaktturen du velgjer. Nokre av cachane er meir krevjande enn andre, dei kan vere like ved ein veg, eller lang inne i fjellet. Geocacharar er folk i alle aldrar og funksjonsnivå.

Berre i vårt distrikt finst det over 1500 cachar/skatter som ein kan prøve å finne. I dag er dei fordelt på kommunane slik:

Karmøy: 496  
Haugesund: 321  
Tysvær: 221  
Bokn: 43  
Vindafjord: 182  
Etne: 101  
Sveio: 122  
Utsira: 51

UANSETT KOR DU ER I VERDA på reis eller ferie har du høve

til finne ein cache som du ikkje finn i nokon reisehandbok. Ei verd av plassar og opplevingar som du ikkje ville ha funne fram til sjølv. Geocaching gir deg eit unikt høve til å oppleve det unike.

## LINDA – EI EKTE GEOCACHAR

Linda har drive med Geocaching sidan 2011 og har funne over 500 «cache» i 5 ulike land som Spania, Tyskland, Island, Noreg og Danmark. Linda og hunden Janosh drar ofte saman på skattejakt. Janosh er også ein ivrig geocachar og får alltid ein godbit når cachan blir funnen.

»Geocaching betyr for meg naturoppleving, skattejakt og moderne teknologi. Denne kombinasjonen gjer det svært spennande å kome seg ut til »leiken». Når eg skal dra ut på geocaching tur, undersøker eg først på internett og finn meg ein passende tur: anten skatter

langs vegen eller krevjande fjelltur. Dagsformen og tida bestemmer mine val. Etter å ha lasta ned koordinatane er det berre å sette i gang leitinga. Når eg har funne målet/cachen, må eg registrere det både på min eigen GPS og loggføre det seinare på nettet. Å bli kjent med naturen og treffe andre likesinna geocachar, gjer dette interessant for meg. Historien om området eller plassen utfyller heile opplevinga av turen.

Som innflyttar frå Tyskland har geocaching gitt meg eit unikt høve til å bli kjent med nærområdet mitt, både lokalt og i nabokommunane.

Kjem det ein SMS om at ein cache er lagt ut i mitt nærrområde, hender det at eg går på «jakt» uansett tid på døgeret for å vere den første som signerer i loggen. Alle cachere vil vere først til å signere.

Eg prøver å ta med meg «gjestecacharar» som ikkje har prøvd dette før, og som regel blir dei overrasket over hvor enkelt dette er. Det er ik-

kje sjeldan at blir dei hekta på skattejakt.»

FOR ALLE SOFASLITARAR er dette ein fantastisk måte å kome seg ut på: blir ein hekta, har ein funne eit samfunn av likesinna geocacharar. Her er det ingen aldersgrenser eller funksjonsnivå, om ein er 10 eller 100 år, sprek eller sitt i rullestol, vil ein alltid finne turar (cacher) som passar. Målet er at alle skal kunne vere med. Du sjølv bestemmer kor lett eller vanskeleg du vil spele spelet.

Med jamne mellomrom vert det arrangert samlingar der det sosiale står i sentrum. Her kan ein diskutere dei store og små spørsmål rundt geocaching, kose seg saman om felles interesser, og fortelle om opplevingar rundt kaffikoppen.

## Geocaching og meg



Eg registrerte meg på [geocaching.com](http://geocaching.com) heilt i starten på januar 2012, etter å ha lese ein avisartikkel om det. Oppdaga raskt at det låg fleire geocacher i kort gangavstand frå stovvedøra, så alt same kveld var vi på tur for å sjå kva dette var for noko. Det gjekk ikkje meir enn eit par dagar før vi kjøpte ein dedikert GPS-mottakar, og vi fann cacher kvar dag den veka. Vi hadde ein pause på nokre få veker, då eg la ut mine første egne cacher.

Under eit besøk hos familie på Austlandet blei det til at vi dro ut for å finne cacher der også. Og sidan har vi ikkje klart å stoppe. Eg er no snart oppe i 5000 funn i løpet av to år og tre månader. Du

kan trygt sei at eg er hekta!

Eg har alltid likt å reise, men har aldri før opplevd så mykje som etter eg begynte med geocaching. I løpet av dei to åra eg har halde på med dette har eg funne cacher i 15 ulike land (fordelt på 4 verdsdelar), og det blir fleire nye i år. Geocaching tar meg til stader eg aldri elles ville besøkt, og det får meg til å gjere ting eg elles aldri ville gjort.

Det som har overraska meg minst like mykje som alle stadene eg har sett, er alle dei fantastiske menneska eg har møtt. Ofte samlast vi til eventer, der vi anten gjer aktivitetar, eller berre sit og pratar saman. I fjor hadde vi fem utanlandsturar for å delta

på megaeventer, det er samlingar der minst 500 geocacharar møtast.

Før eg begynte med dette tilbrakte eg for det meste all tid innandørs. Nå er eg på tur både natt og dag, gjerne saman med fleire andre geocacharar.

Mitt beste tips til ferske geocacharar må vere å kome seg ut, finn cacher, møt opp på eventer – ha det gøy! Og ein treng definitivt ikkje reise langt vekk for å oppdage nye stader. Du vil bli overraska over kor mange spennande stader i nærmiljøet du aldri har visst om!

THOMAS FREDRIKSEN,  
OGSÅ KJENT SOM THOMFRE

## Program Villmarksmessa 26. - 27. april 2014:

Fred 25. april		
19.30-21.00	DAGSTOUR med Trine Rein & Lars Monsen	Kinosalen
18.00-24.00	Open bar og spekemat	Foajeen
Laurd 26. apr		
Ope kl 10-18		
10.00	Utstillingane opnar	Messehallen/Uteområdet
10.00-18.00	Aktivitetssløype for heile familien	Uteområdet/Speidarane
10.00-18.00	Bogeskyting med Noregs Buejegerforbund	Uteområdet
10.00-18.00	Open kafé med smårettar, kaffi, kaker og kiosk	Foajeen
10.00-18.00	Helikopterflygning med Fonnaflly	Uteområdet
Rappelling/aktivitetar med Brannvesenet		
Flogekasting/Kastekonkurranse		
Gevirbedømming		
Fisketank med levande villfisk		
11.00-12.00	Ein lidenskepeleg fiskar - Cato Bekkevoold	Litlesalen
12.00	Ned Etneelva i kano med Etnespeidarane	Uteområdet/Etnespeidarane
12.00-15.00	Klatre og buldreveggen er open	Messehallen
Flogebinding (Long Nguyen og Sigve Monsen)		
Galleriet		
12.00-17.00	Open kafé med middagservering	«Gamle kaféen»
14.00-15.00	Eventyrlig seilas med Audun Hetland	Litlesalen
14.00-16.00	Seljeflyte laging med Kåre Rafdal	Messehallen
15.00-16.00	Demo Viltpatering ved Norsk Hjortesenter	Foajeen
15.00-18.00	Kurs i Kanopadling ved Atle Aas Etnespeidarane	Båthamna
18.00	Utstillingane stenger	Messehallen/Uteområdet
19.00	Villmarkscamp for born og ungdom over 8 år	Ved Etneelva sone 3
Sun 27. apr		
Ope kl 10-17		
10.00	Utstillingane opnar	Messehallen/Uteområdet
10.00-17.00	Aktivitetssløype for heile familien	Uteområdet/Etnespeidarane
10.00-17.00	Bogeskyting med Noregs Buejegerforbund	Uteområdet
10.00-17.00	Open kafé med smårettar, kaffi, kaker og kiosk	Foajeen
10.00-17.00	Helikopterflygning med Fonnaflly	Uteområdet
Rappelling/aktivitetar med Brannvesenet		
Flogekasting/Kastekonkurranse		
Uteområdet		
Gevirbedømming		
Fisketank med levande villfisk		
11.00-12.00	Drømmen om Alaska med Sjur Lothe	Litlesalen
12.00	Ned Etneelva i kano med Etnespeidarane	Uteområdet/Etnespeidarane
12.00-14.00	Kurs i Pilstativ og levande piltre ved Klara Pil	Messehallen
12.00-15.00	Klatre og buldreveggen er open	Messehallen
Flogebinding (Long Nguyen og Sigve Monsen)		
Galleriet		
12.00-16.00	Open kafé med middagservering	«Gamle kaféen»
13.00-14.00	Demo Viltpatering ved Norsk Hjortesenter	Foajeen
14.00-15.00	Blind Jeger – ei gripande historie	Litlesalen
14.00-16.00	Seljeflytelaging med Kåre Rafdal	Messehallen
15.00-17.00	Kurs i Pilstativ og krans ved Klara Pil	Messehallen
17.00	Utstillingane stenger	

Programmet vert jamleg oppdatert og vi tek atterhald om eventuelle endringar. Følg med på villmarketne.no og facebookside vår.

### Utstillarar - per trykkesdato 10. april:

Vinje Slakteri AS  
Viltneimnda i Etne  
Tast Marknadsprodukter  
Rafdal Våpen  
Aksnes Prep  
Felleskjøpet  
Solbrekke Kjøtt  
Etne Sport & Fritid AS  
Granberg Garveri AS  
Salar Sportsfiske  
Samdal  
Rafdal & Kvale Våpenhandel  
Hausken Lyddemper  
Nordic Outdoor  
Alf Lea & Co Dykk  
Runes Max Fritid  
Sigma Motor

Luis A.Miranda Soto  
Fonnaflly  
Etne Turlag  
Kvinnherad Buejegerklubb  
Skakke Foredling  
Norsk Hjortesenter  
Leirong Kystlag  
Samson Øvstebø  
Klara Pil  
Sjokolademinne  
Tregubbene  
Etne Jeger og Fiskeforening  
Valdres Salg&telemarketing  
Møller Bil Haugesund  
Margretha's Hobby Bod Hunsjør  
Norskfjell og bygdemat Haraldsen AS

### Grunnkurs i KANOPADLING

Lørdag 26. april  
Kl. 15:00-18:00

Kurset passar for alle over 12 år eller i følge med voksne.

Etnespeidarane og Atle Aas inviterer til tre timars grunnkurs i kano-padling. Kurset krev ingen forkunnskap og tar for seg grunnleggande padleteknikk.

Plass: Båthamna (kan bli flytta til Julaskår). Atterhald om veret (særleg vind).

Pris for kurset er 300,- pr person inkl alt utstyr som kanoar, årer og vestar. Betaling ved framme.

Påmelding til Atle Aas på atle@etnespeidar.com eller på mobil: 993 54 771 innan 25. april, og på Etnespeidarane sin stand på Villmarksmessa dersom det er ledige plassar.

Bli med på inspirerende pilfletting til din hage!

### Pilkurs med KLARA PIL

Søndag 27. april

Kurs 1  
Pilstativ og levande piltre  
kl. 12:00-14:00

Kurs 2  
Pilstativ og krans  
kl. 15:00-17:00

Pris for kurset er 500,- pr person inkl materiell

Påmelding til Klara Pil på post@klarapil.no eller på mobil: 995 56 346 innan 27. april

Begrensa med plasser, første mann til mølla!

VILLMARKS  
MESSA ETNE



### Standplass på Villmarksmessa Etne?

Me har nokre få ledige plassar, og du kan bli den heldige som får mulighet til å eksponera ditt firma og selge dine varer hjå oss. Hiv deg på telefonen, og kontakt oss før det er for seint.

post@villmarketne.no tlf. 53 75 64 36

Velkommen til vårt  
**FABRIKKUTSALG**  
i Ølensvåg

Frå kr.  
**99,-**  
Mange gode messefilbod!

**Besøk vår stand på villmarksmessa!**

Ope heile året:  
Stort utvalg i skinn av sau, rein, geit, samt lær og andre produkter.  
Velkommen!

Kom innom vår stand for info om beredning og salg av **norsk produserte skinn.**

**GRANBERG GARVERI**  
5582 Ølensvåg - Tlf. 52 76 50 00

LIK OSS PÅ FACEBOOK [www.granberggarveri.no](http://www.granberggarveri.no)